

Vil du delta i forskingsprosjektet

«Logopedisk oppfølging for døve og hørslehemma teiknspråkbrukarar med afasi»

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der formålet er å undersøke det logopediske tilbodet som finnes for døve og hørslehemma teiknspråkbrukarar med afasi. I dette skrivet gjer me deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltakinga vil innebære for deg.

Formål

Eg er mastergradstudent ved institutt for spesialpedagogikk ved Universitet i Oslo, med fordjuping i logopedi. I mitt masterprosjekt ynskjer eg å undersøke det logopediske tilbodet som tilbys døve og hørslehemma teiknspråkbrukarar som har blitt ramma av afasi. Afasi er språkvanskar etter erverva skade i hjernen, og kan føre til ulike typar språk- og kommunikasjonsvanskar, avhengig av skadens omfang og lokalisasjon. Logopedar har kompetanse til å hjelpe personar med afasi, og i Noreg har alle som har blitt ramma av afasi rett til logoped. Gjennom dette forskingsprosjektet ynskjer eg å bringe fram kunnskap om logopedisk oppfølging for døve og hørslehemma teiknspråkbrukarar som har blitt ramma av afasi. Eg ynskjer å undersøke kva innhaldet i den logopediske oppfølginga kan være, og korleis oppfølginga opplever for personen som har blitt ramma av afasi, men også frå logopedens perspektiv. Ved å delta i dette forskingsprosjektet kan du hjelpe meg å frambringe kunnskap om dagens status, og bidra til å skape medviten om logopedisk oppfølging for døve og hørslehemma teiknspråkbrukarar med afasi.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Universitetet i Oslo er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Det er to grupper som er aktuelle deltakarar i dette forskingsprosjektet:

1. Døve og hørslehemma personar med Norsk Teiknspråk som førstespråk som er ramma av afasi, og som har oppfølging av logoped.
2. Logopedar MNLL som arbeider med døve og hørslehemma personar med Norsk Teiknspråk som førstespråk og som er ramma av afasi.

Kva inneber det for deg å delta?

Dersom du vel å delta i prosjektet inneber det at du deltar i to intervju, og at du lar prosjektstudent observere ei økt mellom klient og logoped. Intervjua vil vare omlag ein time kvar gong, og det er ynskjeleg å gjere videoopptak av intervjua som føregår på teiknspråk, eller lydopptak av intervjua som føregår på talespråk. Det vil bli brukt teiknspråk-tolk i intervjua som gjennomføres på teiknspråk. Spørsmåla i intervjua vil i hovudsak handle om dine tankar og erfaringar kring logopedisk oppfølging for afasi i møte med døve og hørslehemma personar med Norsk Teiknspråk som førstespråk. Observasjonen vil finne stad mellom dei to intervjua, og du vil få høve til å kommentere eller stille spørsmål før, under og etter intervju og observasjon. Det vil ikkje føregå innsamling av opplysingar om deltakarane i studien frå andre kjelder enn deltakaren sjølv. Du vil få høve til å lese gjennom og korrigere sitater frå intervjua, samt få tilbod om ein avsluttingssamtale der me gjennomgår og snakker om oversettingane og funna i prosjektet, dersom det er ynskjeleg.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Du kan når som helst trekke ditt samtykket utan å oppgje grunn, og alle dine personopplysingar vil då bli sletta. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje ynskjer å delta i prosjektet, eller dersom du seinare vel å trekke deg.

Ditt personvern – korleis me oppbevarer og bruker dine opplysingar

Opplysingane om deg vil berre bli brukt til formåla som er opplyst om i dette skrivet. Me behandlar opplysingane konfidensielt, og i samsvar med personvernregelverket. For å ivareta din konfidensialitet vil datamateriale som kan bidra til å identifisere deg behandlast i samsvar med personregelverket, og være lagra på sikkert prosjektområde hjå Tjenester for Sensitive Data (TSD). I framstillinga av masteroppgåva vil du og det du fortel være anonymisert.

Kva skjer med opplysingane dine når me avslutter forskingsprosjektet?

Opplysingane anonymiseres når prosjektet avsluttes og oppgåva godkjennes, som etter planen er 31.06.2021. Videoopptak/lydopptak og personopplysingar vil då bli sletta.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysingar som er registrert om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta personopplysingar om deg,
- å få sletta personopplysingar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysingar.

Kva gjer oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Me behandlar opplysingane om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Universitetet i Oslo har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kor kan eg finne ut meir?

Dersom du har spørsmål til studien, eller ynskjer å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Universitetet i Oslo ved Maria Haldorsen (prosjektstudent) på e-post: marhald@uio.no eller på telefon: 99414190.
- Arnfinn Muruvik Vonen (ekstern rettleiar) på e-post: arnvon@oslomet.no
- Luca Tateo (rettleiar UiO) på e-post: luca.tateo@isp.no
- Vårt personvernombud: Roger Markgraf-Bye på e-post: personvernombud@uio.no

Dersom du har spørsmål knytta til NSD si vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på e-post: personvertjenester@nsd.no eller på telefon: 55 58 21 17.

Med venleg helsing

Maria Haldorsen
(student)

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Logopedisk oppfølging for døve og høyrlehemma teiknspråkbrukarar med afasi*, og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju
- å delta i observasjon
- at det blir gjort videoopptak av meg
- at det blir gjort lydopptak av meg

Eg samtykker til at mine opplysingar behandles fram til prosjektet er avslutta

(Signert av prosjektdeltakar, dato)